

ÅRSMELDING

Austevoll sokneråd

2024



Austevoll sokneråd 04.03.2025

Karen Kvinge
Kyrkjeverje

Eivind Hatlevik
Leiar

Tor Håkon Eiken
Sokneprest

AUSTEVOLL SOKNERÅD 2023 - 2027:

Eivind Hatlevik - leiar
Anne-Kristine Bakke – nestleiar
Tor Magne Drønen
Doris Bakke
Elin Aarland Vaage
Eirik Kalve
Hans Halstensen
Astrid Johanne Taranger
Knut Inge Østervold
Mons Olav Økland
Sokneprest Tor Håkon Eiken

Vara:

Randi B. Storebø
Anne Marie Otterå Halstensen
Hans Magnus Drønen
Janne M. Hausberg
Torhild Vaage Stangeland

Edvard Johannes Stangeland – kommunen sin representant
Rolf Tore Hellesøy - vara

Austevoll soknerådet har hatt 7 møter i 2024 og handsama 22 saker etter § 11 i kyrkjelova, fellesrådssaker, og 13 saker etter § 9, soknerådssaker.

Saker det har vore arbeida med er m.a.:

Vedlikehald av kyrkjene og gravplassane
Økonomi
Budsjett/Rekneskap/Revisjon
Livet i kyrkjelyden

Stillingar 2024:

Sokneprest	100%
Kyrkjevevje	100%
Kyrkjegardsarbeidar	100%
Organist	100%
Kontorleiar/trusoppl.	100%
Kyrkjelydspedagog	100%
Adm/Trusoppl.medarb.	70%
Kyrkjetenar.	60%
Vaktmeister	50%
Reinhaldar	15%

BUDSJETT / REGNSKAP

	Budsj 2023	Regnsk	Budsj 2024	Regnsk
Budsjett	8 420 650		9 777 550	
Overføring frå kommunen	6 129 250	6 069 252	6 771 750	6 771 750
Tilskot trusopplæring	270 000	355 983	470 400	378 019
Refusjon løn trusoppl	530 000	685 262	830 000	724 356

Offer til kyrkjelydsarb	50 000	243 276	85 500	262 565
Offer andre, inkl. fasteaksjonen	100 000	102 542	60 000	118 893
Festeavgifter	60 000	200 880	120 000	173 600
Ref. mva	363 000	397 870	363 000	389 791
Tilskot gåver andre	36 500	22 626	36 500	39 500
Fast gjevarteneste	93 000	82 766	93 000	53 376
Kontingent kyrkjebl	65 000	48 999	50 000	57 991
Betaling deltakarar	25 000	18 897	40 000	140 950*
Betaling konfirmantar	54 000	81 600	60 000	67 200
Overskot				

*Innbet konf-leir

Budsjettet fordeler seg slik:

	2022	2023	2024
Administrasjon	2 450 450	2 336 950	2 524 550
Kyrkjer	2 267 500	2 508 300	3 049 700
Gravplassar	1 574 000	1 450 000	1 666 700
Andre kyrkjelege føremål	439 000	217 000	239 000
Trusopplæring	1 726 000	1 908 400	2 297 600

REKNESKAP 2024

Rekneskapen for 2024 syner eit mindreforbruk på kr 890 403,-

Midlar div. føremål pr. 31.12.24

	2022	2023	2024
Driftskonto	645 799,-	74 674,-	433 225
Ubunde fond		469 448	386 374
Stolmen kyrkje	22 517,-	91 586,-	68 490
Austevoll kyrkje	23 263,-	2 063,-	3 809
Hundvåkøy kyrkje	27 176,-	27 176,-	6 128
Bekkjarvik kyrkje	41,-	41,-	1 487
Storekalsøy kyrkje	75 323,-	23,-	6 128
Møkster kapell	3 102,-	20 252,-	26 252
Trusopplæring	159 356,-	168 454,-	123 351

Føring rekneskap / Revisjon

Rekneskapen vert ført av Aider Rekneskap. Revisor for 2024 er Deloitte
I kyrkja sitt økonomiutval sit ein representant frå kvar kyrkjekrins. Frå Storekalsøy – Eirik Kalve, som også er leiar for utvalet, frå Hundvåkøy – Anne-Kristine Bakke, Austevoll – Eivind Hatlevik, Bekkjarvik – Hans Halstensen og frå Stolmen – Elin Aarland Vaage. Utvalet har det overordna ansvaret for økonomien, budsjett og rekneskap

GRAVPLASSAR

Det er ei utfordring i sumarhalvåret når graset veks på det meste, samstundes som ferien skal avviklast. Me er difor avhengig av å leiga inn ekstra slåttehjelp i tillegg til kyrkjegardsarbeidaren. Sist sommar fekk vi veldig god hjelp av 3 ungdommar, Marius S Engelsen, Kathrine Otterå Hjørnevik og Mathilde Eiken.



Dei gjorde ein fantastisk jobb, og vi håper vi ser dei igjen i 2025

Storebø gravplass og Hundvåkøy kyrkjegard er under planlegging av utviding. Kommunen har lagt det inn for Storebø 2025 og Hundvåkøy 2026

På årsmøte i fjor fekk vi spørsmål om å få eit sorteringssystem for bio/rest. Til opplysning: kyrkjegardsarbeidaren sortere det meste frå restavfallet og samlar det på faste plassar på dei ulike kyrkjegardane.



DET ÅNDLEGE LIVET I KYRKJELYDEN

Vi ser at kyrkja i Austevoll er eit viktig haldepunkt for folket i Austevoll. Ved dåp, vigsel, gravferd, konfirmasjon, babysong, gudstenester og høgtider er det mykje folk i kyrkja. Vi som er tilsett ved kyrkja gler oss over dette, og vi håper og trur at kyrkja også i framtida vil ha ein sentral plass i lokalsamfunnet.

Heldigvis er det ikkje dei tilsette som utgjer kyrkja. Det er oss alle i fellesskap som både er kyrkja og som *eiger* kyrkjene.

Det er eit stort kull med konfirmantar dette året og. Ein stor del av årets konfirmantar velde å dra på leir. Konfirmantleiren var ein suksess, men vi ser og at det er ein utfordring sidan leir førar til færre samlingar i kyrkja for dei som var med på leir. For neste kull vill vi gjere nokon justeringar slik at vi treff konfirmantane oftare. Vi gler oss over at så mange unge veljar konfirmasjon i kyrkja her i kommunen og vonar at dei blir litt meir kjend med den store gåva dei fekk ved dåpen.

Også når det gjelder dåp, babysong, 4-års bok, tårnagentar, teikneseriebibel utdeling og Lys vaken er antal deltakare i Austevoll særleg stor. Det er ikkje mange sokn i Noreg som opplever at trusopplæringstiltaka er så populære.

Denne trenden er noko staben og frivillige medarbeidarar vil arbeide for å kunne halde fram også i dei kommande åra, og vi veit at det er høgt prioritert av det nye soknerådet også. Når born og unge blir kjend med kyrkja og evangeliet om Jesus blir dåpsbefalinga utført!



Kyrkja sin dag 2024 var på Olaskjeret - ein fantastisk dag. 2 – 3 båtar gjekk i rute for å få over alle som ønska å få dette med seg. Stolmen kyrkjekor bidrog med song i gudstenesta og etter gudstenesta var det ein minikonsert med Kathrine Haugsmyr på flygelhorn og Arvid Søreide på song og gitar. Før vi vart skyssa tilbake igjen, fekk folket kjøpe lapskaus, hot dog, kaffi og kakar.

Dette var eit samarbeid mellom Bakkasund vel, Olaskjeret og kyrkja.



16.juni blei presten vår skikkeleg prest!

Med biskop Ragnhild Jepsen, prost Kristin Litlere, fleire prestar, ordførar, familie og venar vart Tor Håkon Eiken innsett og vigsla i ein fullsett Austevoll kyrkje. Etter gudstenesta var det utvida kyrkjekaffi/fest på kyrkjebakken. Mange stoppa opp og vi serverte skalldyrsuppe frå Møkster, hot dog, kaffi og kaker. I tillegg ble det fleire gåver og fine ord til Tor Håkon. En flotte dag som vil vera med oss vidare.



I august hadde vi kystkulturgudsteneste i Hengjo. Marianne Juvik Sæbø song og vi avslutta med koseleg kyrkjekaffi rundt dei flotte borda.



Av eit kull på 82 var det 39 som kom på konfirmasjons-jubileet i oktober. Gamle skulekameratar møtes igjen etter mange år til middag på Bekkjarvik gjestgiveri etter gudstenesta.

På allehelgensdag tente vi 39 lys. Det er godt å komme saman og minnast dei som har gått bort det siste året. Kyrkja har rom også for det vonde vi opplever i livet.

Jula 2024 var like hektisk som alltid 😊 og det er vi glade for. Skulegudstenester, barnehagesamlingar, gudsteneste med våre venar i NFU, julekonsert i Stolmen kyrkje, julefest i Storekalsøy kyrkje, julekveld i Austevoll kyrkje, og ikkje minst gudstenester og julesong i fem kyrkjer på julaften!

Det er eit rikt kyrkjeliv i Austevoll. Vi er takksame til alle som er med, og me vonar alle i Austevoll kan kjenne at dei høyrer til!

KYRKJELEGE HANDLINGAR

Dette året har vi hatt totalt 39 dåpshandlingar, av desse er 30 busette i soknet. I forkant av dåpen, har presten dåpssamtale med foreldra.

Talet på gravferder er 35.

Vi har hatt 26 vigslar dette året. Av desse er 7 utanfrå kommunen

STATISTIKK

	2022	2023	2024
Forordna gudstenester	59	62	68
Andre gudst	13	6	
Frammøtte på gudst	6791	7 574	8 327
Frammøtte gravferd		6 058	4 162
Frammøtte vigslar		1 151	2 294
Frammøtte arrangement i kyrkjene			2 066
Frammøtte totalt	16 282	17733	16 849
Nattverdsgjester	738	782	1155
Døypte busett i soknet	46	40	30
Døypte frå andre sokn	5	13	9
Vigde tilhøyrande	12	8	19
Vigde ikkje tilhøyrande	11	6	7
Gravlagde	52	49	35
Innmelde i kyrkja	4	2	7
Utmelde av kyrkja	16	13	11
Konfirmantar	56	60	67
Fast gjevarteneste	45 800	29 400	27 600
Offer/kollektar(Totalt)	151 246	211 244	255 637
Til eiga verksemd	61 859	124 193	163 689
Gåver /innsamlingar	149 252	129 800	347 551 *

*Summen her inkluderer ml a gåver til begge orgelene = kr 204 000,- Fasteaksjonen kr 18 428,- og Konf-løpet kr 41 500

Trusopplæring

Trusopplæringsarbeidet er kyrkjelyden si hovudsatsing.

Arbeidet har som føremål å medverka til systematisk og samanhengande opplæring ved å:

- Vekkja og næra den kristne trua.
- Gi kjennskap om den treeinige Gud
- Medverka til kristen livstolkning og livsmeistring.
- Utfordra til engasjement og deltaking i kyrkje og samfunnsliv.

Me prøver å få born og unge til å kjenna seg heime i kyrkja og føle på tilhørighet. Leik og fellesskap er mykje i fokus.

Trusopplæringstiltak:

- Dåpssamtale/dåp m/ dåpshelsing
- Babysong
- Utsending av dåpshelsingar toåringane
- Utdeling av 4-årsboka + myldrekveld
- Julesamling med barnehagene
- Påskevandring og utdeling av boka «Påsen fortalt for de minste» 1. trinn
- Tårnagentar 3. trinn
- Sosial kveld med 5 trinn før dei kjem til utdeling.
- Utdeling av Teikneseriebibelen 5. trinn
- Lys Vaken 6. trinn
- Konfirmantarbeid (Leir, gruppeundervisning, seminarer m.m)
- Julefest



Babysong

Babysong er stadig like populært sidan oppstart i år 2000. På våren var det 13 born som deltok og på hausten var dei 14

Bebuarane på Austevoll PO-senter og Soltun fekk besøk av desse små både på våren og hausten. Dette til stor glede for alle saman

Stor takk også til våre frivillige medarbeidarar som trufast stiller opp og gjer dette tiltaket mogeleg for foreldre og born



Utdeling av 4-årsboka

Dette året hadde vi Myldrekveld i kyrkjene for 4-åringene med utdeling av bøker. Vi var i Bekkjarvik og Austevoll kyrkje.

Dei fekk sjå og høyre litt frå boka, det var litt song og bøn og ei lita bibelfortelling. På gudstenesta påfølgjande sundag fekk borna boka si og dei fekk opptre med songen dei hadde lært på myldrekvelden.



Tårnagentane

Me sendte ut invitasjon til 58 3.klassingar og 27 stykk meldte si interesse og møtte spente opp i Austevoll kyrkje siste laurdagen i januar. I løpet nokre timar skulle dei alle innom fleire stasjonar. Heile kyrkja skulle utforskast og dei lette etter ulike symbol i kyrkja, dei laga takknemlegheits-hjarte og dei skulle læra songar til gudstenesta neste dag og dei fekk utforske orgelet og blåse i pipar. Men det mest spennande, som vanleg, var å komme heilt opp i tårnet og sjå kyrkjeklokka. Søndag var dei tilbake og deltok på gudstenesta med song og bøneteikn.

Lys vaken

Lys våken er det største tiltaket me har i trusopplærings-arbeidet vårt utanom konfirmantane. I november samla me rundt 27 deltakarar til eit variert program med



overnatting i Storekalsøy kyrkje. I tillegg til deltakarane så er det engasjert frivillige, foreldre og nokre konfirmantar. Programmet varierer frå alvor til lek og øving til gudstenesta på søndagen. Laurdagen vart avslutta med kino i kyrkja, og då so klart med kinosnop



Gudstenesta på søndagen er reine festgudstenesta, der alle 11-åringane er engasjert på eit eller anna vis. Her tek dei ut resten av det som er igjen av energi og det med stor glede.

Konfirmantarbeid

Konfirmantarbeidet på våren gjekk stort sett over dei same tema som dei siste åra. Nytt i haust for dei som skal konfirmerast i 2025, var leir for dei som ønska det på Framnes vgs skule fyrste halvdel av haustferien. Vidare er det færre undervisningstimar for dei ut året.

Resten av gruppa samlar seg i ei mindre gruppe og har undervising som før.

Vi er so utruleg heldig som har foreldre som kjem med mat til ungdomane. Sånn har vi hatt det i mange år og det er mange kyrkjelyder rundt om som misunne oss dette.

Foto: Eric Clement



Samarbeid barnehage/skule

Kyrkja i Austevoll har god kontakt med barnehagane og skulane i kommunen.

I 2024 hadde vi:

- Påskevandring med borna på 1.trinn
- Alle på 1.trinn fekk boka «Påsen fortalt for de minste»
- Alle barnehagane med på samling i kyrkjene med framføring av juleevangeliet, der borna får delta.
- Skulegudstenester med fulle kyrkjer og fleire av elevane bidrog under gudstenestene

Heile staben med fleire er med på dette og det gjer ikkje berre inntrykk på dei små. Det er også til stor glede for oss vaksne



Trosopplæringsutvalget:

Tor Magne Drønen- leiar

Astrid Johanne Taranger

Randi B. Storebø

Anne Marie Otterå Halstensen

Regine Hatlevik Otterå

Hildegunn Teien

Trosopplæringsutvalget har hatt 4 møter i 2024.

Her har vi gått igjennom tiltakene vi har hatt og lagt fram nye tanker og ideer.

Diakoni

Soknerådet sitt diakonalutval består av Øyvind Sivertsen som leiar, Knut Inge Østervold, Mons Olav Økland, soknepresten og kyrkjevevja. Det er utarbeida diakoniplan for kyrkjelyden. Denne er utvalet i gong med å revidere Det har synt seg vanskeleg å rekruttera frivillige til besøksteneste, men vi gjer oss ikkje.

Seniortreffa på PO-senteret er alltid like populært. Det er så kjekt å komme opp der den fyrste fredagen i kvar månad. I tillegg har vi andakt der oppe anna kvar tirsdag og på Birgittunet anna kvar torsdag. Frå i haust har vi fått hjelp til dette av prest Anne Mathilde Garmann Klare. Etter andaktene er det kyrkjekaffi og tid for ein drøs. Minnegudsteneste på Allehelgensdag er også eit diakonalt tiltak.

KYRKJEMUSIKALSK AKTIVITET

Stolmen kyrkjekor tel no rundt 25 medlemmar. I 2024 hadde koret dei tradisjonelle konsertane sine, vår- og julekonsert. Begge dagane med fullsett Stolmen kyrkje.

To gongar i fjor hadde koret minikonsert på Austevoll PO-senter i tillegg til at dei song på gudstenestene i Stolmen kyrkje.

Nina Basyuk er dirigent mens Maria Kuleshova har permisjon frå stillinga si. Audun Instefjord er vikar som organist

I haust hadde vi førestillinga «HJEMME» med Sebastian Christensen, Frøydis Grorud og Trond Lien. Ein førestilling om dei skeives liv og tru. Vi hadde også ein konsert med Dan Fägerquist. Her sto Trygve Eiken for oppvarminga. Begge oppsettinga var i Storekalsøy kyrkje.

Før jul hadde Kulturskulen konserter i tre kyrkje med innslag av 65 elevar, og dei fylte kyrkjebenkene.

Full Austevoll kyrkje fekk med seg «Julekveld i kyrkja» som staben med gjester arrangerte.

Tilbakemeldingane gjekk på at folk meinte vi må ha to «Julekvelder» i 2025!



Gjennom året har det også vore innslag med vakker song og musikk på fleire gudstenester.

FRIVILLIGE MEDARBEIDARAR

Utan friviljuge medarbeidarar ville det ikkje vore mykje aktivitet i kyrkjelyden vår. Vi har mange friviljuge medarbeidarar på lista vår som stiller opp i ulike samanhengar, alt frå babysong, gudstenester til ulike trusopplæringstiltak og andre arrangement. På dei ulike tiltaka våre er det også ei rekke frivillige og foreldre som hjelper til. Alle fortener dei stor takk!

MEDIA OG KYRKJEBLADET

Austevoll kyrkjeblad kom i 2024 ut med 4 nummer og sendt ut til alle husstandane i kommunen og nokre abonnentar utanfor kommunen. Det er kjekt med positive og gode tilbakemeldingar på bladet

Kyrkjelyden er på Facebook – kyrkja i Austevoll.

Heimeside: austevoll.kyrkja.no

TIL SLUTT

Mykje kunne seiast om året som er gått, men fyrst og fremst ei stor takk for den tenesta me får stå i. Stor takk til tilsette, til frivilljuge, til alle dykk som står saman med oss og støtte opp om tiltaka og alt vi held på med 🙏



Ein stor takk også til alle som bidreg med alt av gåver vi har fått gjennom året 🙏

Takk også til Austevoll kommune for godt samarbeid - eit samarbeid vi set stor pris på!